

Årsrapport og Årsrekneskap 2024

Vest-Telemark Muslimske Truomssamfunn

Organisasjonsnummer: 888 563 482

Adresse: Raulandsvegen 4, 3890 Vinje

Innhald

1. Frå styret
2. Likestillingsarbeidet
3. Aktivitetar for medlemmene gjennom året 2024
 - Barn
 - Helgeskule
 - Overgang til ungdomsarbeid
 - Ungdom
 - Trosopplæring
 - Vaksne
4. Samarbeidande foreiningar og institusjonar
 - Vinje kyrkjelege fellesråd
 - Åmot skule og barnehage
 - Vinje idrettslag
5. Økonomi
6. Årsrekneskap og notar
7. Signatur

1. Frå Styret

Gjennom 2024 har styret i Vest-Telemark Muslimske Truomssamfunn (VTMT) gjennomført 12 styremøte og fleire arbeidsmøte, særleg i samarbeid med Vinje kommune. Eit hovudfokus har vore arbeidet med å skaffe eit permanent forsamlingslokale. I løpet av året vart det vedteke å gå til kjøp av Raulandsvegen 4 (ved YX-stasjonen) frå 1. juni 2025. Lokalet skal romme aktivitetar for born, ungdom og vaksne – med spesielt fokus på religiøs opplæring og fellesskap.

VTMT har ein stabil medlemsmasse på om lag 314 personar og ein sunn økonomi. I 2024 vart det halde årsmøte 30. mars, og eit ekstraordinært møte i desember knytt til kjøpsplanar.

Styret vil rette stor takk til medlemmar, frivillige, forstandarar og samarbeidspartnarar i kommunane Kviteseid, Fyresdal, Nissedal, Vinje og Tokke. Vi takkar òg Vinjehuset og Tokke kulturhus for støtte og samarbeid.

2. Arbeid for likestilling og inkludering

I 2024 har VTMT vidareutvikla arbeidet med å fremje likestilling. Lokala er no utforma slik at kvinner og menn har like mykje plass, og både menn og kvinner deltek i leiararbeid. Ved styreval i april vart det sikra kjønnsbalanse (45–55 %), og det er vedteke at anten leiar eller nestleiar skal vere kvinne. Desse tiltaka styrkar representasjonen i organisasjonen.

3. Aktivitetar for medlemmene i 2024

Barn og helgeskule

Lørdagsskulen har vore eit fast innslag gjennom året, med undervisning to timar kvar veke. Barna får innføring i religion, kultur og samhald. 17. mai vert feira med deltaking i lokale tog og aktivitetar – som ei markering av tilhøyrse til det norske samfunnet.

Overgang frå barn til ungdom

Ungdom mellom 12–13 år får tilbod om deltaking i ein overgangsgruppe. Seks samlingar gjennom året har fokus på trygg overgang, identitet og fellesskap.

Ungdomsaktivitetar

Ungdomsgruppa består av 20 aktive personar i alderen 13–26 år. Dei organiserer blant anna ramadanfeiring og eid-arrangement. Møte blir haldne jamleg, med fokus på eigenaktivitet og fellesskap.

Trosopplæring

Åtte ungdommar deltok i strukturert opplæring basert på islamsk tradisjon. Undervisninga vart avslutta med ei felles markering i desember, der også digital deltaking var mogleg.

Tilbod for vaksne og seniorar

Seniorgruppa (26+) samlast kvar fredag etter bønna for sosialt samvær, samtalar og refleksjon. Møta bidreg til fellesskap og religiøs fordjuping.

4. Samarbeid med lokale institusjonar

Åmot skule og barnehage

VTMT samarbeider tett med barnehagar og skular i Vinje kommune. Vi tilbyr bidrag til KRL-undervisning, besøk i forsamlingslokalet og felles arrangement for å fremje forståing og respekt på tvers av livssyn.

Vinje kyrkjelege fellesråd

Sidan 2018 har VTMT samarbeidd med Vinje og Tokke kyrkjelege fellesråd om religionsdialog. I 2019 vart det etablert eit fast dialogforum som arbeider for felles forståing mellom kristne og muslimar i regionen.

Vinje idrettslag

I samarbeid med Vinje Idrettslag har VTMT arrangert idrettsaktivitetar som fotball og volleyball, og etablert egne treningsgrupper for oldboys og innvandrarar. Dette har bidrege til inkludering og fysisk helse.

5. Økonomisk status

VTMT har god kontroll over økonomien og ingen langsiktig gjeld. Ved utgangen av 2024 viser rekneskapen eit overskot på kr 255 182 og ein bankbehaldning på kr 1 833 379. Midlane vert nytta målretta i tråd med organisasjonen sine formål og planar.

I løpet av 2025 planlegg organisasjonen å kjøpe eit permanent forsamlingslokale i Raulandsvegen 4 til ein estimert kjøpesum på kr 2,4 millionar. Til dette formålet har VTMT motteke eit øyremerkt tilskot frå kommunen på om lag kr 1,5 millionar i 2021. Lokalet krev også oppussing og tilpassing for vår bruk, noko som er kalkulert til cirka kr 1,5 millionar. Det er difor eit klart mål for 2025 å sikre full finansiering og gjennomføring av både kjøp og oppgraderingar. Arbeidet med dette vert høgt prioritert av styret i samarbeid med medlemmane og lokale aktørar, og ingen langsiktig gjeld. Ved utgangen av 2024 viser rekneskapen eit overskot på kr 255 182 og ein bankbehaldning på kr 1 833 379. Midlane vert nytta målretta i tråd med organisasjonen sine formål og planar.

6. Årsrekneskap og tilhørende notar

Resultatrekneskap 2024

Inntekter

Inntekter	2024	2023
Tilskot frå Statsforvalteren i Agder	374 000,00	344 817,00
Tilskot frå kommunar	-	4 000,00
Andre inntekter	-	2 081,21
Renteinntekter	-	-
Sum inntekter	374 000,00	350 898,21

Kostnader

Kostnader	2024	2023
Husleige	78 927,12	69 500,00
Kostnader til arrangement	18 180,39	29 818,10
Revisjon	-	-
Strømutgifter	20 620,09	26 106,62
Andre kostnader	-	4 737,22
Bankgebyr	1 090,50	1 362,00
Sum kostnader	118 818,10	131 523,94
Årets resultat (overskot)	255 181,90	219 374,27

Balanse per 31. desember 2024

Eiendelar

Post	Beløp (kr)
Bankinnskott pr. 01.01.2024	1 578 197,00
Årets overskot	255 182,00
Sum bankbeholdning	1 833 379,00

Eigenkapital og gjeld

Post	Beløp (kr)
Eigenkapital	1 833 379,00
Gjeld	0,00
Sum eigenkapital og gjeld	1 833 379,00

Notar til rekneskapen

- Note 1 – Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen er utarbeidd i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for ideelle organisasjonar. Det er nytta reglar for små foretak.

- Note 2 – Tilskot

Hovudinntekta kjem frå Statsforvalteren i Agder. Tidlegare har det også vore små kommunale tilskot.

- Note 3 – Husleige

Kostnader knytt til leige av forsamlingslokale.

- Note 4 – Arrangement

Utgifter til sosiale og religiøse samlingar, aktivitetar og servering.

- Note 5 – Strøm

Strømutgifter knytt til drift av leigde lokale.

- Note 6 – Bankgebyr

Små faste gebyr knytt til bankbruk.

Signatur

Vinje, 25. mars 2025

For styret i Vest-Telemark Muslimske Truendomssamfunn:

Hassan Samaale

Hassan Samaale

Styreleiar